



- Dei er veldig engasjerte i dette. Og gutane har vanskelegare for å sitje i ro. Det finst mange måtar å lære på, seier ho.

Dei 131 elevane ved Toftøy skule har ikkje ein einaste mannleg lærar til disposisjon.

Gutar gjer det generelt dårlegare på skulen i Noreg i dag, påpeikar rektor Nyborg-Christiansen. Ho er ikkje tvil om at kjønnsfordelinga på lærarrommet hadde hatt godt av justering, og at dette kanskje kunne ha påverka innstillinga til bruk av digitale verktøy.

Kva om nokon tok med Playstation og «Guitar Hero» i morgon?

- Dersom læraren hadde gjort dette til eit prosjekt med læringsmål - ja, det hadde vore spennande å prøve!

Ministeren: Ja til Nintendo

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen vil gjerne ha Nintendo og Playstation i norsk skule.

- **DETTE HANDLAR OM** å skape ein skule som er relevant og nær røyndomen elevane lever i. Dette er noko gode lærarar alltid har gjort, seier Halvorsen til BTMagasinet.

Halvorsen vil ikkje trekkje noko skilje mellom pedagogiske spel og underholdings-spel - begge deler kan ha noko for seg, trur ho.

- Det finst mange spel laga for læring. Men dersom lærarane vil trekkje inn spel dei unge bruker på fritida, trur eg det berre er bra og kan vere med å utvide horisonten til elevane. Det viktige er at dette er systematisk forankra i kompetansemåla i læreplanen.

KUNNSKAPSMINISTEREN trur dataspel snart vil bli ein naturleg del av skulekvardagen.

- Eg trur dette vil kome. Vi har til dømes starta Senter for IKT i Utdanningen i Tromsø og jobbar med fleire måtar å trekkje dataspel inn i læring på. Mange lærarar er dessutan sjølve interessert i spel etter kvart, seier ho.

«Guitar Hero» kjenner ho ikkje til.

- Men eg stolar på at lærarane har vett og forstand til å bestemme kva som er fornuftig å ta i bruk, seier Halvorsen.

STORTINGSMELDINGA om ungdomsskulen er venta våren 2011. Målet er blant anna å få fleire til å fullføre vidaregåande skule. Nøkkelen til suksess ligg i ungdomsskulen, trur ho.

- Ungdomsskulen er avgjerande for vidare skulegang. Gjennom «Kristins time» har eg utfordra elevane sjølve til å kome med forslag. Tilbakemeldingane går i stor grad på at ein vil ha ein meir praktisk og meir røyndomsnær skule. Dataspel er absolutt viktig i denne samanhengen. Vi veit at gode dataspel kan gi meir variert undervisning, betre samhandling, problemløysing og kommunikasjon i klasserommet, seier Kristin Halvorsen.

Inspirasjon!

Kom innom og se alle de flotte
høstnyhetene i interiørbutikkene
på Laksevåg Senter!
La oss gi deg inspirasjon og ideér.



Home&Cottage · Jernia
Jysk · Kid · Litt Mer Lys
Mester Grønn · Netfflis
Nille · Tilbords

Over 35 butikker • Vinmonopol
Apotek • Dekksenter • God parkering

MANDAG-FREDAG 10-20 (MAT 9-21)
LØRDAG 10-18 (MAT 9-20)
Vinmonopolet: mandag-onsdag 10-17
torsdag 10-18 · fredag 9-18 · lørdag 9-15
Boots Apotek: mandag-fredag 10-18 · lørdag 10-15



www.laksevagsenter.no